


Av: Nina Sørli
Publisert: 02.07.2010 Oppdatert: 16.11.2015

# Stord er Fairtrade-kommune

**Stord har status som Fairtrade-kommune og skal jobba aktivt med å auka kjennskapen til og forbruket av Fairtrade-merka produkt i lokalmiljøet vårt.**

For å få status som Fairtrade-kommune er det eit krav at Fairtrade-produkt skal vera tilgjengeleg i eit tal daglegvarebutikkar, og at fleire verksemder og organisasjonar serverer slike produkt til tilsette.

## Ei handsrekking

Gjennom Fairtrade-ordninga er arbeidarane sikra ei garantert minsteløn, verdige og trygge arbeids- og sosiale forhold. Vidare sikrar merkeordninga at ein del av inntektene frå sal kjem attende til arbeidarane slik at dei gjennom demokratiske prosessar kan byggja opp lokalsamfunnet til felles beste.

## Krav til kontinuerleg arbeid

For å oppretthalda status som Fairtrade-kommune, må kommunen kvart år auka dei offentlege innkjøpa av Fairtrade-produkt og arbeida aktivt med å ta inn nye produktgrupper. Kommunen vil også utfordra nabokommunane våre til å bli Fairtrade-kommunar.

## Styringsgruppa

Stord kommune si styringsgruppe for Fairtrade er samansett av representantar frå Næringslivet, fagrørsla, kommunepolitikarar og kommuneadministrasjon. Vil du vera med?

Verksemder, lag og organisasjonar som vil gjera noko aktivt for å fremja dette arbeidet er velkomne til å ta kontakt med Stord kommune.

Send e-post til: post@stord.kommune.no

**Biletet:** Frå kommunen sin Fairtrade-stand på Stordfest 2010.

Meir om Fairtrade på www.fairtradenorge.no